



KARMØY
KOMMUNE
Samarbeidsutvalget
Skolemiljøutvalget



Karmøy kommune
Rådhuset
Postboks 167
4291 Kopervik

Åkrehamn 01.11.20

Innspel frå Samarbeidsutvalet og Skole- og miljøutvalet Åkra skole til høyringsbrev angående forslag til endringar i forskrift om inntaksområder for Åkra skole, Sevland skole, Grindhaug skole og Ådland skole i Karmøy kommune.

Saka om endringar i forskrift om inntaksområder for skolane i sone 2, unntatt Veia, skapte store reaksjonar hos personalet, elevar og føresette til elevane på Åkra skole. Skal ikkje personalet og elevar få fred til å jobba med læring og læringstrykk, konsentrera oss om å skapa dugande samfunnsmenneske som bidrar til velferdssamfunnet i staden for å nok ein gong måtte bruka mykje krefter og energi på eit politisk spel som me nesten ikkje har sett maken til i Karmøy kommune? Saka gjeld ikkje om det er plass til elevane på Åkra skole, som var bakgrunnen for vedtaket i kommunestyret 18.06.18, saksnr. 70/18:

«Åkra trenger en ny skole og skolestrukturen står foran nødvendige endringer. I påvente av ny skole på Åkra må det gjennomføres strakstiltak til beste for elevene og deres læringsmiljø ved Åkra skole. Kommunestyret ønsker en vurdering av hvordan en ved bruk av den ledige kapasiteten ved nærliggende skoler og justering av skolegrenser snarest kan gi alle elever i Åkra gode læringsmiljø i godt egnede lokaler.

Planlegging av et oppvekst og kultursenter med ny skole på ervervet tomt i Åkra settes i gang. Mulighetsstudier skal belyse kostnader, ulike finansieringsordninger og realistisk fremdrift. Dette synliggjøres i kommunens økonomiplan.»

Dette gjeld eit politisk spel om å ikkje byggja ny skule på Åkra i nær framtid, det gjeld ikkje kva som er til det beste for barna på Åkra.

Desse strakstiltake kjem uansett for seint. Kvar var den politiske viljen når Åkra skole i 2016 måtte låna klasserom på Åkra ungdomsskole då skulen sin kapasitet var sprengt med 216 elevar og 14 klassar? Då stod me på egne bein og måtte ordna opp sjølv utan noko politisk hjelp.

Åkra skole driv framtidsretta fokus på skuleutvikling m.t.p. læringstrykk og å nytta dei økonomiske ressursne slik at det kan bli tilført mest mogleg tilbake til elevane i klasseromma, støtte til spesialundervisning, tidleg innsats og fokus på dei sårbare elevane. På Åkra skole skal den enkelte elev oppleva av det er rom for skapande og utforskande aktivitetar. Elevane skal medverka og oppleva at skolen er meningsfull og at elevane opplever tilhørighet både fagleg og sosialt. Skulen har over ein treårsperiode vore tydeleg på at Åkra skole skal vera ein skole i utvikling, der nynorsk er målforma som det skal undervisast i.

Me ønskjer ikkje at det skal bli oppretta klassar med bokmål som målform. Det tar ressursar frå alle klassar og elevar, og gir skulen svært lite spelerom m.t.p. tidleg innsats, styrking av spesialpedagogiske tiltak, tilpassa opplæring og progresjon og utvikling for elevane som er fagleg



sterke.

Det har vore deling på målform i ei årrekke på Åkra skole, men dette har me no snudd og me er i gong med å få klassar med akseptabel gruppestørrelse, som me har plass til!


I praksis vil det seie at me har vore i gang med prosessen på å få ein- parallell skole i over 3 år, og er i gong med det fjerde. Skolen har i dag ein klasse på 1., 2., og 3. trinn (nynorsk), men har to-parallellar på 4., 5., 6., (bokmål/nynorsk) og 7. trinn (2 nynorsk). Skuleåret 2021/22 viser prognosen så langt at me ligg an til ei nynorsk elevgruppe på ein 1. klasse med 25 elevar (per 25.10.20).

I korte ord; Åkra skole har vore i gang med prosessen til å bli ein ein-parallell skole i tre år, dette er ikkje noko nytt og me har plass til elevane som ligg i prognosane i åra som kjem.

Diagrammet syner elevprognose på elevar i Åkra skole sin skolekrets som den er i dag (raud farge) og elevprognose med ny struktur på skulegrenser (blå farge), dei neste fem åra.

«Åkra skole som i dag» er henta frå skuleadministrativt system Visma Flyt Skole, som gir oss data på dei barna som har folkeregistrert adresse i noverande skulekrets til Åkra skole.

«Åkra skole ny struktur» er henta frå høyringsbrevet til saka om forslag til nye inntaksområder.



Høyringsbrevet skapar splid mellom skolane, mellom elevar, føresette og tilsette i «sonene» på Åkra. Her set ein til side omsynet til sårbare elevar og det juridisk prinsippet om «barnets beste».

Barnekonvensjonens artikkel 3, første ledd: «Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.»

Kan me i det heile tatt sjå at det er tatt omsyn at barnet sitt beste skal vera eit grunnleggjande omsyn når ein i saksutredinga foreslår å fjerna barn frå etablerte grupper, klassar, kamerater/venninner og flytta dei til andre skolar? Dette er for SU/SMU uforståeleg og er i seg sjølv god nok grunn til å forkaste forslaget om endring av skulegrenser i sone 2, unntatt Vea.



KARMØY
KOMMUNE
Samarbeidsutvalget
Skolemiljøutvalget



Opplæringslova §9A-4: *Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.*

Åkra skole er med i eit to-årig kompetansehevingsprosjekt for personalet - «Trygt og godt skulemiljø» I dette prosjektet har personalet på skolen arbeidd med lovverket, omgrepsforståing og kompetanseheving. SU/SMU er ikkje i tvil om at eit politisk vedtak som medfører at elevane må skifta skole vil gå ut over elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø, då dei mot sin vilje blir fjerna frå det miljøet som dei er i til vanleg.

Tidlegare publiserte rapportar frå Norconsult og saksframlegget til kommunestyre 18.06.2018 , arkivsaksnr: 18/2464 framstiller Åkra skole mellom anna slik: *«Skolen har en dårlig pedagogisk funksjonalitet med sentrale funksjoner spredt rundt på anlegget. Bygget har smale, bratte trapper, små klasserom, få grupperom og et uteområde som ligger under anbefalt norm.»*

Skolebygget blir ikkje meir pedagogisk funksjonelt om det blir færre elevar! Som me har skildra tidlegare så er ikkje ei rask løysing å flytta elevar mellom skular på Åkra. Her må det byggjast ny skule.

Medverknadsprosessar har vore under all kritikk. Me meiner at her har ein fått det travelt med å få informert alle involverte på kort tid. Rektor blei informert fredag 21.08.20 av Skolesjef Lars Inge Svalland. Onsdag 26.08.20 hadde personalet eit 20 minuttars langt Team møte med etatsleiinga som gjorde reie for kva høyringsbrevet innebar.

Frå Oppvekst- og kulturretaten kom sakshandsamar Elisabeth Hamnøy og rådgjevar Bjørn Nøttum på skolen 28.08.20 på synfaring. Skolen møtte med rektor, Espen Sellevold, FAU representert ved David Sjøen og elevrådet representert ved Bendik Hauge (7. trinn). Det vart eit kort møte på ca 30 min. p.g.a. at rådgjevarane skulle innom alle skolane i sone 2, unntatt Vea. På møtet blei det stilt spørsmål om klassessorleik, bruk av rom, romtype og kapasitet.

FAU fekk også eit møte med etatsleiinga på skulen torsdag 03.09.20, saman med rektor. Dette var eit kort informasjonsmøte på ca. 20 min.

Skolesjef og sakshandsamar deltok på eit felles møte 13.10.20 mellom Sevland, Åkra, Grindhaug og Ådland sine FAU, på Åkra skole.

Høyringsbrevet er generelt dårleg handverk, og det er eit så dårleg forslag at SU/SMU Åkra skole har mista tilliten til dei som står bak høyringsbrevet. Her er det ingen «vinnarar», berre elevar, personal og føresette som tapar. Det er også saksfeil og manglar i høyringsbrevet:

- «Åkra skole har skolebibliotek i kjelleren» Det stemmer ikkje. Åkra skole har ikkje eige rom til skolebibliotek! Skolen har ikkje hatt skolebibliotek sidan 2016, då skolebiblioteket vart ombyggt til klasserom.
- Det er ikkje dokumentert at inneklima er tilfredsstillande på skolane som er nemnd i høyringsbrevet, ein tar høgde for at inneklima er tilfredsstillande.
- Trafikksikkerheit – kva ulike tiltak må setjast i verk for at skolevegen skal vera trafikksikker for dei elevane som blir berørt av ei eventuell endring av skolegrensene? Trafikksikkerheitstiltak må vera på plass før ei eventuell endring av skolegrensene. Det er ikkje gjort ei konsekvensutreiing m.t.p. trafikksikkerheit ved ei eventuell endring av skolegrenser.
- Skolekjøkken på Åkra skole blir brukt som klasserom og slik har det vært i mange år. Det er ikkje eit eige skolekjøkken som «berre» blir brukt til undervisning i mat og helse.



KARMØY
KOMMUNE
Samarbeidsutvalget
Skolemiljøutvalget



- Under «Åkra skole - vurdering» står det: «Det er to dører inn til dette bygget som til sammen rommer ti klasserom». Det stemmer ikke! Det er to dører mot aust og tre dører mot vest som gir adgang til to bygg med til saman 10 klasserom.
- I høringsbrevet står det: «Åkra skole har en umiddelbar nærhet til Åkrasanden (900 m), ny idrettshall (350 m) og friområdet ved Tjøsvollvatnet (800 m)». «Friområdet» ved Tjøsvollvatnet er myrområde som er overgrodd med siv og er lite eigna for undervisning eller anna aktivitet. Tjøsvollvatnet ligg dessutan på austsida av riksvegen.

SU/SMU Åkra skole ber om at denne saka blir avvist og ikkje blir realitetsbehandla no mellom anna då saka har fleire saksfeil og har vore dårleg utreda. Talet på elevar på Åkra skole er ikkje problemet.

SU/SMU ved Åkra skole er av den oppfatninga at det beste Karmøy kommune gjer vidare, er å nytta minst mogleg økonomiske midlar på nye utredningar om skolestruktur sone 2, men set av midlar til prosjektering og bygging av ny skole på Åkra på den allereie erverva tomta ved idrettshallen.

På vegne av SU/SMU Åkra skole

Ranja Nordbø Johannessen
(Sign.)

Espen Sellevold
(Sign.)

Leiar SU/SMU

Referent SU/SMU
Rektor, Åkra skole